



NYTT FRÅ NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Mai 2019

31.05.2019

Tilsetjing i leiarstillingar Nye Øygarden kommune

Den 8. mai vart det gjort kjent kven som hadde fått tilbod om leiarstillingar i Nye Øygarden kommune. Fem tilsetjingsutval gjorde tilsetjing i 29 stillingar som assisterande kommunalsjefar, einingsleiarar og leiarar av stab i Nye Øygarden kommune. For fire stillingar vart det ikkje gjort tilsetjing i denne runden.

Vi feirar Nye Øygarden kommune

Nye Øygarden kommune inviterer lag og organisasjonar til å delta i feiringa av at Sund, Fjell og Øygarden vert ein ny kommune frå januar 2020. I

tida fram til nyttår lokale kulturressursar oppmoda til å gjennomføra arrangement og andre tiltak i lys av at vi byggjer ein ny kommune saman. Send inn forslag til tiltak til leiar av fellesnemnda og programkomitéen, Marianne Sandahl Bjørøy, ordforar@fjell.kommune.no



Fellesnemnda: Krevjande økonomi

Dei tre kommunane i vest skal laga ein økonomisk prognose for årsresultatet for 2019. Dette vert lagt fram på ein budsjettkonferanse i juni. Det vedtok fellesnemnda den 13. mai. Elles godkjende fellesnemnda endring av 58 adressenamn i Sund, Fjell og Øygarden som følgje av kommunesamanslåinga. Fellesnemnda valde Tom Jørgensen Design AS som leverandør for nytt ordførarkjede for Øygarden kommune 2020.

Digital transformasjon



- Vi skal gjennom ein digital transformasjon. Digitalisering omfattar heile den offentlege sektoren. Det sa kommunalsjef for Organisasjon og digitalisering i Nye Øygarden kommune, Sissel Iren Nesse, då ho den 15. mai ønskte 35 medarbeidarar i Sund, Fjell og Øygarden velkomen til arbeidsverkstad i Sund.

Startar arbeidet med å innplassera tilsette

Den 24. mai vart det sendt ut eit informasjonsskriv til alle tilsette i Sund, Fjell og Øygarden med informasjon om arbeidet med å innplassera dei tilsette i dei tre kommunane i Nye Øygarden kommune. Dei tilsette som vert direkte berørte av ny organisering skal kompetansekartleggjast og ha ein individuell samtale med næraste leiar i dagens kommunar. Dette skal vera gjennomført innan 7. juni. Etter planen skal alle tilsette i dei tre kommunane vera innplasserte i Nye Øygarden kommune innan 21. juni. Endeleg administrativ organisering vert klar tidleg i neste veke.

23 søkjarar til fire stillingar

Det har meldt seg 23 søkjarar til stillingane som einingsleiar for byggjesak, heimetenesta, flyktningtenesta og leiar stabsavdeling.

Oppdatert informasjon finn du på www.nyeoygardenkommune.no